



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
08/01701-3

ARK. F - Fartøy
Seladon

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
09.01.2014

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

KOPI

Einar Matre

Hordaland fylkeskommune

15 JAN 2014

S/K SELADON - LJPJ - AVSLAG PÅ SØKNAD OM STATUS SOM VERNA SKIP

Vi syner til søknad av 29.10.2013 om status som verna skip for S/K «Seladon» - LJPJ.


Vi ser av det innsendte materiale at fartyet vart nytta i ulike formidlingssamanheng og at det truleg er ein god plattform for dette. Likevel er det slik at Riksantikvaren i samband med søknad om status som verna skip berre kan ta stilling til den verdien det har som kulturminne.

Av den innsende informasjonen om fartyet går det fram at det vart bygd som motordriven fiskekutter med styrhus og støtterigg. Av Sjøfartsdirektoratet sitt register finn vi at fartyet vart levert i 1937. Fram til noverande eigarar overtok fartyet vart det nytta som fiskefarty i Nordsjøen med utgangspunkt i Rekefjord.

Etter at noverande eigarar tok over fartyet vart det fullstendig ombygd. Maskinen vart bytta, styrhuset og dekksutstyr for fiske vart fjerna. Deretter vart det montert ein uoriginal rigg på fartyet. Fartyet framstår i dag som så gjennomgripande endra at berre sjølve skroget er attende frå tida som aktivt fiskefarty.

Riksantikvaren kan følgjeleg ikkje sjå at S/K «Seladon» har tilstrekkeleg historisk verdi til oppnå status som verna skip. Søknaden vert difor avslegen.

Beste helsing


Alexander Ytteborg (e.f.)
seksjonssjef


Erik Småland
seniorrådgjevar

Kopi til: Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd., Postboks 7900, 5020
BERGEN